



Arkivnr: 2018/141-29  
Saksbehandlar: Sigrid H Aardal

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Klagenemnda		19.06.2018

### Klagesak - Klage på avslag på søknad om taksameterfritak

#### Samandrag

Lars-Petter Børsheim fekk tildelt reservedrosjeløyve R-815 i november 2017. Dette er hans tredje drosjeløyve. Det er generell taksameterplikt på drosjeløyve i Hordaland løyvedistrikt. Lars-Petter Børsheim søkte om taksameterfritak på R-815 i februar 2018. Søknaden vart avslått og Lars-Petter Børsheim klaga på vedtaket. Klaga er rettidig.

Fylkesdirektør samferdsel har vurdert saka på nytt, men kan ikkje sjå at det ligg føre marknadssvikt som gjev grunn for å gje fritak for taksameterplikta. Fylkesdirektør samferdsel held derfor fast på avslaget. Fylkesrådmannen har vurdert saka og klaga og finn å rå til at klaga frå Lars-Petter Børsheim på direktør samferdsel sitt avslag på søknad om taksameterfritak for reservedrosjeløyve R-815 ikkje vert teken til følgje.

#### Forslag til vedtak

Klaga frå Lars-Petter Børsheim på fylkesdirektør samferdsel sitt avslag på søknad om taksameterfritak for reservedrosjeløyve R-815 vert ikkje teken til følgje.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen  
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 16.05.2018****Bakgrunn**

Lars-Petter Børsheim er den einaste løyvehavaren i Ulvik og er knytt til Indre Hardanger Taxisentral. Han har 3 drosjeløyve - 1 ordinært drosjeløyve (R-237) og 2 reserveløyve (R-865 og R-815).

Børsheim fekk tildelt reserveløyve R-815, dvs. det tredje drosjeløyve, ved vedtak 03.11.2017. Det går fram av vedtaket at det skal installerast taksameter i bil på reserveløyve R-815.

Børsheim henta ut løyvedokumentet 24.11.2017. Den 21.02.2018 søkte han om fritak frå taksameterplikta på R-815. Han opplyste at bilen berre vert nytta til fast skuletransport.

Løyvestyresmakta avslo søknaden 15.03.2018. Børsheim klaga på avslaget 03.04.2018. Klaga er rettidig.

Løyvestyresmakta har som underinstans vurdert klaga og gjort slikt vedtak:

«Klage frå løyvehavar Lars-Petter Børsheim datert 03.04.2018, på avslag på søknad om taksameterfritak, vert ikkje teken til følge.»

Saka er oversendt klagenemnda for behandling.

**Rettsleg grunnlag**Yrkestransportforskrifta § 48, fjerde ledd

Løyvemyndigheten kan bestemme at motorvogn som nyttes i drosjetransport skal være utstyrt med godkjent taksameter, samt kommunikasjonsutstyr eller annet spesialutstyr. Taksameter skal være montert og belyst slik at takstgrupper og beløp kan leses fra passasjerens plass. Utgiftene til anskaffelse, montering og vedlikehold av apparatene dekkes av løyvehaveren.

**Klage**

Klage frå Lars-Petter Børsheim.

«Eg viser til avslag på søknad om taksameter R-815, sak 2015/48-30 og ynskjer å klage på dette vedtaket.

For å få kabalen til å gå opp i Ulvik må eg ha 3 bilar for ca 2 årsverk. Som tidligare nemnt vil R-815 ofte bli utnytta. Den vil kun bli nytta til fast skuletransport som underkontraktør for Tide Buss AS. Ålvik og Granvin som er med i samme sentral har ofte stor pågang i sitt distrikt i tidspunktet det er skuletransport. Eg har tidligare løyst dette med turvogn, men ynskjer no å løyse dette med drosjeløyve fordi det er lettare å få sjåførar.

Å ha taksameter i drosjene kostar med rundt kr. 27000,-+mva. i året pr. bil. Skal eg kosta dette samt ha leigesjåfør vil det bli ulønnsomt drift på denne bilen.

Løyvefritak for inn på tunet-ordning og transport til småskala reiseliv/turistverksam er tiltak som går utover min drift. Med dette som eksempel burde eg og kunne få litt lempigare krav. Dykkar krav for fritak er bla. At transporten er særns avgrensa, noko denne transporten vil vera.»

**Fylkesdirektør samferdsel si vurdering**

«Børsheim har opplyst at han har nytta turvognløyve til den transporten han no nyttar reservedrosjeløyve R-815. Turvognløyve vert forvalta av Statens vegvesen. Det er ikkje driveplikt og taksameterplikt på turvognløyve, men det er krav til storleik på bilen og det er krav til utvida førarkort. Det går fram av transportørregisteret hjå Statens vegvesen at Børsheim framleis har

turvognløyve. Børsheim har vist til at det er sjåførmangel som gjer at han heller vil nytta drosjeløyve.

Det er generell taksameterplikt på drosjeløyve i Hordaland løyvedistrikt, og løyvestyresmakta handhevar taksameterplikta restriktivt. Taksameter bereknar både køyrelengde, tid og pris, og det er viktig både for kunden, løyvestyresmakta og skattestyresmaktene at slike data vert lagra. I Hordaland er det gitt fritak frå taksameterplikta i nokre einskilde tilfelle, for å sikra transporttilbodet på små plassar der marknaden sviktar.

I 2016 hadde Børsheim 2 drosjeløyve. Statistikken han leverte i samband med evaluering av drosjeverksemnda i Hordaland 2016, syner innkøyring per løyve *som er god*. Ulvik er det største stasjoneringsområde i Indre Hardanger Taxisentral. Børsheim er den einaste løyvehavarane i Ulvik. Kommunen har eit folketal på omlag 1131. Det er 4 hotell og turistverksemd i kommunen. Dei andre løyvehavarane i Indre Hardanger Taxisentral, som er stasjonert i Granvin og Ålvik har ikkje taksameterfritak. Innkøyringa på desse plassane er mindre enn i Ulvik.

Børsheim viser til at løyvefritak for inn-på-tunet-ordninga og småskala turistverksemd går ut over hans drift. Løyvestyresmakta har p.t. ikkje gitt løyvefritak i Ulvik.

Det er ikkje marknadssvikt i Ulvik. Fylkesdirektør samferdsel kan ikkje sjå at det er tilhøve i saka som talar for å gje taksameterfritak på R-815, og rår til at klaga ikkje vert teken til følgje.»

#### **Fylkesrådmannen si vurdering**

Denne saka gjeld søknad om fritak for taksameterplikta som gjeld for drosjeløyve. Taksameterplikta som er kopla til alle drosjeløyver, både ordinæreløyer og reserveløyver følj av Yrkestransportforskrifta § 48, fjerde ledd. Etter denne forskrifta er det løyvestyresmakta som gjev retningslinjer for dette.

Hordaland løyvedistrikt er det generell taksameterplikt på drosjeløyve, og det er i saka opplyst av fylkesdirektør samferdsel at løyvestyresmakta handhevar taksameterplikta restriktivt. Taksameter bereknar både køyrelengde, tid og pris, og det er viktig både for kunden, løyvestyresmakta og skattestyresmaktene at slike data vert lagra. Det er i saka vidare opplyst at i Hordaland er det gjeve fritak frå taksameterplikta i nokre einskilde tilfelle. Dette gjeld i tilfelle der det er viktig å sikra transporttilbodet. Dette gjeld på små plassar der marknaden sviktar.

Lars-Petter Børsheim er den einaste løyvehavaren i Ulvik og er knytt til Indre Hardanger Taxisentral. Han har 3 drosjeløyve - 1 ordinært drosjeløyve (R-237) og 2 reserveløyve (R-865 og R-815).

Børsheim fekk tildelt reserveløyve R-815, dvs. det tredje drosjeløyve, ved vedtak 03.11.2017. Det går fram av vedtaket at det skal installerast taksameter i bil på reserveløyve R-815. Det er vidare opplyst at dette løyvet vert berre nytta til skulekøyring. Dette løyvet fekk Børsheim tildelt i november 2017. Kort tid etter tildelinga kom søknaden om fritak frå taksameterplikt i drosja.

Marknaden for drosjedrift i Ulvik er god og innteninga på dei to andre løyva til Børsheim viser god inntening. Dette er høgare enn andre løyver knytt til Indre Hardanger Taxisentral. Ingen andre løyver knytt til Indre Hardanger Taxisentral har taksameterfritak.

I klaga er det og vist til løyvefritak for inn-på-tunet-ordninga og småskala turistverksemd går ut over hans drift. Løyvestyresmakta har opplyst at det ikkje er gjeve slikt løyvefritak i Ulvik. Dette vil difor ikkje vera eit moment i saka.

Slik fylkesrådmannen ser dette er det ikkje grunnlag for å gje fritak frå taksameterplikta for dette løyvet. Innteninga er god på dei løyva Børsheim har og det er klart at det ein god drosjemarknad Ulvik. Dette heng klart saman med at det fleire hotell på plassen og turismen står stekt. I og med at ein er restriktiv i å gje taksameterfritak vil det ikkje vera i tråd med dette å gje fritak sidan inntening på drifta er såpass god på

staden. Taksameterfritak vert berre nytta på stader der det er vanskeleg å driva eit løyve og omsynet til at det bør vera eit tilbod til innbyggjarane tel mest.

Fylkesrådmannen finn å rå til at klage frå Lars-Petter Børsheim over fylkesdirektør samferdsel sitt vedtak om ikkje å gje taksameterfritak for drosjeløyve R-815 ikkje vert teke til følgje.